# d båt,
# frem i live



ALLE FOTO: CHRISTINE FAGERBAKKE



*Prest, Michal Møkster holdt søndagens gudstjeneste med gamle salmer. – Man hadde et annet forhold til religion den gangen, sier han.*



*Vigdis Berland Øystese leste opp et kåseri om livet til menigheten på Herdla.*

# oppslagstavlen

Historiene fra leserne våre

Er du med i et idrettslag, et korps eller kanskje et aktivt grendelag? Skjer det noe i bygden din du gjerne vil fortelle om, er du velkommen til å sende oss en e-post med bilder og en tekst. Den kan være så kort som to-tre setninger, eller den kan være lengre om du vil.
Send til redaksjon@av-avis.no.

## Ein skuledag på fjorden

– Om bord i den 60 fot store seglskuta «Seladon» frå 1937 heiser og trimmer elevane segla, skriv Kjell Magnus Økland.

**Kjell Magnus Økland**
Stiftinga Kystsogevekene

Snakkast på fjorden er ein skuledag ved, i og på fjorden for meir enn 1000 skuleelevar i 10 ulike kommunar. Onsdag 22. august og torsdag 23. august var elevar frå Askøy i Kollevåg, ved Askøy Seilsportsenter, samt Hauglandsosen. Prosjektet har fokus på vindkraft, årekraft, meistringskraft og bærekraft.

Om bord i den 60 fot store seglskuta «Seladon» frå 1937 heiser og trimmer elevane segla, navigerer etter gamle sjømerker og med meir moderne hjelpemiddel og lærer anna sjømannskap. Alt skjer under skipper Einar Matre og hans mannskap sitt kyndige instruksjon.

Med større robåtar får elevene læra korleis å ro, fyrst i takt og deretter med kraft og fart. Langs Norskekysten har roing vore ein svært sentral reisemåte i minst eit par tusen år, men dei siste 60 åra har dette forsvunne. Undervisninga legg vekt på samarbeid, det å møta naturkreftene til sjøs og naturopplevingar når ein glid lydlaust framover. Sjøvante instruktører i kvar båt sørger for tryggleik og opplæring.

Elevane sym, klatrar og hoppar uti fjorden frå svaberg. Vanntryggleik, meistring og miljøfokus står sentralt. Elevane får andre røynsler enn det som skjer i eit oppvarma basseng. Undervisninga vert leia av dyktige instruktørar.



*Med vinden som drivkraft. Elevane navigerer etter gamle sjømerker og lærer anna sjømannskap.* FOTO: PRIVAT



*Med årekraft på vatnet. Med større robåtar får elevene læra korleis å ro, fyrst i takt og deretter med kraft og fart.* FOTO: PRIVAT

Med fokus på bærekraftige mål og plastforureining formidler FN Sambandet i Norge eit globalt miljøperspektiv. Gjennom ulike aktivitetar i strandsona får elevane både læra om berekraftig utvikling, og bidra ved sjølve å utforska ein lokal strandsone for plastforureining.

Prosjektet legg vekt på grei tilkomst, naudsynt infrastruktur, gode tilhøve for dei ulike aktivitetane og gode naturkvalitetar.

### fakta:

**Snakkast på Fjorden**

- Målet er at Snakkast på Fjorden 2018 skal vera starten på ein årleg tradisjon under Kystsogevekene som som ber i seg fylgjande element:
- Involverer mange av dei 22 kommunane som er med i Kystsogevekene.
- Lagar aktivitetar som brukar sjøen som hovudarena.
- Rommar naturopplevingar, kulturhistorie, miljøvern og friluftsliv for barn og unge.
- Skaper meiningsfylte oppdrag for seriøse maritime kulturaktørar
- Involverar god samkøyring og ressursutnytting i samspel med andre samarbeidspartnere.
- Prosjektet Snakkast på fjorden 2018 er kome i stand via aktiviseringsmidlar til frilufslivsføremål frå Miljø- og klimadepartementet, løyvd av Hordaland Fylkeskommune.
- Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen og Omland Friluftsråd, seglskuta Seladon, Coastering AS, Ragn Sells, FN-sambandet og Kystsogevekene.

## 150 deltok på ungdomsgudstjeneste

– Det var en flott happening, skriver kateket Anita Skjæveland.

**Anita Skjæveland**
Kateket på Askøy

**OPPSLAGSTAVLEN:** Det var en flott arrangert G:19-gudstjeneste, av og for ungdom, som gikk av stabelen søndag 26. august på Mizpa. Det var cirka 150 til stede, noen foreldre og andre, men de fleste var fra 15 år og oppover. Det var en flott happening.

Ungdomsprest Ingrid Petersen talte om Thomas – tvileren som ikke ville tro at Jesus var stått opp før han fikk stikke fingeren i sårene etter korsfestelsen. Hun utfordret ungdommene til å se hva som skjer i dag, der folk tror på Jesus – uten å se Jesus «i egen høye person, iført sandaler».



*Cirka 150 deltok på G:19-gudstjeneste, av og for ungdom, på Mizpa på Follese.* FOTO: LISA ANDERSEN

Bandet hadde øvd siden klokken 12 og spilte til lovsang og under nattverden hvor 77 stykker tok imot Jesu kropp og Jesu blod.

Mange 16-åringer fikk lederkursbevis og rose, og noen hadde også gjennomført lederkurs nummer to.

Etterpå var det kaker og saft på kirkekafeen øverst i amfiet.